



BARNEVERNET

Mål for økta: Barna lærer om barnevernet og korleis dei kan hjelpe. Det skal vere tydeleg for barna at det aldri er barn sin feil når omsorgspersonar ikkje klarer å ivareta dei godt nok.

Sjå på bildet og snakk saman om det de ser: - Kva ser vi på dette bildet? Kva gjer dei vaksne? Kva gjer barnet?

Fortel barna om barnevernet:

Desse to vaksne som sit i sofaen er mammaen og pappaen til barnet som gøymer seg bak sofaen. Kanskje er barnet litt sjenerert, for desse to andre vaksne har ikkje barnet møtt før. Dei jobbar i noko som heiter barnevernet, og no har dei kome heim til familien for å bli litt kjent, og for å prøve å finne ut om barnet i familien har det bra, eller om foreldra treng litt hjelp til å vere mamma og pappa på ein god måte for barnet.

Nokon gongar klarer ikkje mammaer og pappaer å vere gode foreldre for barna sine, sjølv om dei vil det. Kanskje har dei opplevd mange vondte ting sjølv, og har det for vondt inni seg til å klare å ta vare på andre. Foreldre har mange ting å passe på, men det viktigaste er å passe på at barna har det dei treng, og hjelpe dei til å vere friske og ha det bra. Foreldre skal også gi klemmar, og la barn sitte på fanget, og stryke dei på kinnet og sei fine ting til barna sine. Sjølv om dei vil, så er det ikkje alltid foreldre får til alt dette.

Nokon foreldre som har det vanskeleg inni seg kan seie veldig stygge ting til barna sine, som at dei hatar dei, eller at dei aldri skulle blitt født, eller at dei er slemme og dumme. Nokre foreldre kan innimellom også knipe, eller slå, eller skremme, eller stenge barn inne eller andre ting som gjer at barn får det vondt og blir veldig redde. Dette er ikkje lov, og ikkje bra for verken barna eller foreldra som gjer dette. Det er viktig å vite at det aldri er barn sin skuld når sånt skjer. Nokre foreldre blir også for sinte på kvarandre, og det er heller ikkje bra for barna. Det kan også skje dersom foreldre brukar for mykje drikke med alkohol i eller narkotika eller sånn for å ruse seg. Foreldre klarer ikkje gjere foreldrejobben godt nok om dei bruker rus, så da treng dei hjelp til å klare å slutte med det. Då kan barnevernet kome og hjelpe.

Barnevern betyr å passe på barn. Det er bestemt at alle barn har rett til å ha det trygt og godt heime saman med foreldra sine, og derfor har vi eit barnevern der det jobbar mange vaksne som har til å jobb å passe på at det er sånn, og å hjelpe dei familiene som treng hjelp for å få det sånn. Er ikkje det fint?

Dersom barn gir uttrykk for at barnevernet er skumle, eller at barnevernet tek barn vekk frå familien sin:

Barnevernet vil helst at barn skal få bu saman med foreldra sine, for dei vil alltid gjere det som er best for barn. Derfor prøver dei å hjelpe foreldre å øve på å vere trygge og gode foreldre for sine barn. Og dei aller fleste foreldre får til det etter dei har fått sånn hjelp. Og så er det nokon få foreldre som ikkje får det til. Kanskje fordi dei ikkje får til å slutte å ruse seg. Eller kanskje dei ikkje får til å slutte å slå eller skade familien sin når dei blir sinte. Desse foreldra må kanskje øve seg på dette ei stund medan barna deira får bu saman med nokon andre vaksne som kan gi barna det dei treng av hjelp og omsorg. Så kan barna og foreldra heller vere saman igjen når dei vaksne har fått hjelpa dei treng for å klare å vere gode foreldre. Men ingen treng å vere redde for barnevernet. Dei vil berre hjelpe familiarar til å ha det trygt og godt saman.